



Skinnarbu 17.12.15

Adressater jamfør deltakarliste

Referat oppstartsmøte for nytt GPS-merkeprosjekt på Hardangervidda og i Nordfjella

Tid: Torsdag 10. desember 2015

Stad: Highland Hotell, Geilo.

Møtt:

Namn:	Instans:	e-postadresse:
Olav Strand (møteleiar)	NINA	olav.strand@nina.no
Ellen Korvald	Buskerud Fylkeskommune	ellen.korvald@bfk.no
Lars Oust	E-co Energi	lars.oust@e-co.no
Guttorm Mathismoen	E-co Energi	guttorm.mathismoen@e-co.no
Magne Netland	Østfold Energi	mn@ostfoldenergi.no
Siri Bøthun	Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen	post@sbnatur.no
Per Aksel Knudsen	Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen	pa-knuds@online.no
Even Knutsen	Fylkesmannen i Buskerud	ek@fmbu.no
Lars Nesse	Villreinutvalet i Nordfjella	larsnesse@sogn.no
Harald Skjerdal	Villreinutvalet i Nordfjella	aurland@fjellstyrene.no
Sigmund Tveitehagen	Villreinutvalet i Nordfjella	sigmund_tveitehagen@yahoo.no
Erik Lund	Miljødirektoratet	erik.lund@miljodir.no
Pål Rosland	Vegdirektoratet	paal.rosland@vegvesen.no
Jan Henning L'Abèe-Lund	NVE	lbl@nve.no
Lena Romtveit (ref)	Norsk Villreinsenter Sør	lena.romtveit@villrein.no
Anders Mossing	Norsk Villreinsenter Sør	anders.mossing@villrein.no
Live Gladheim	Villreinnemnda for Hardangervidda	live.gladheim@nlr.no
Svein Erik Lund	Hardangervidda Villreinutval	svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no
Ragnar Ystanes	Hardangervidda Villreinutval	ragnar.ystanes@kinsarvik.net

Agenda

Olav Strand ynskter velkomen og gjekk gjennom dagens agenda.

Presentasjon

Presentasjon av alle deltakrane rundt bordet, om kven ein representerer osv.

Kort oppsummering av historikk, resultater og status

Olav gjekk igjennom dei ulike merkeprosjekta på villrein som NINA har hatt ansvaret for, som i hovudsak har hatt ansvaret for drift av datainnsamlinga, samt dei overbyggande prosjekta gjennom forskingsrådet som har levert forskingsresultat basert på datainnsamlinga i dei lokale merkeprosjekta.

Målsettinga i det førre Hardangervidda/Nordfjella prosjektet var i store linjer å få eit betre bilete av reinens respons og arealbruk i forhold til menneskeleg aktivitet. Der blei laga ein fagplan og målsetting der ein i stor grad har hatt god måloppnåing, jf den rapporteringa som er komen gjennom prosjektperioden. Det som er handsama minst i dette prosjektet i forhold til det som var målsettinga, er tema som knyter seg til vassdragsreguleringane i området.

Totalt er det produsert over 100 publikasjonar, både fagfellevurderte artiklar, rapportar, PhD`ar, mastergradsarbeid og populærvitskaplege artiklar. Formidling og popularisering av resultata er gjort gjennom 24 artiklar, over 200 foredrag (sidan 2010) og ei bok. I tillegg har det vore mange oppslag om rein i ulike media som The Guardian, Metro, Reuters og New Scientists. Men ein manglar ein del på å heve kunnskapsnivået lokalt rundt i området om desse prosjekta, t.d. gjennom positive oppslag i lokalaviser m.m.

Så langt har ein i hovudsak under det biologiske forska på landskapets tyding for bestandsdynamikk, bestandsforvaltning og hausting og effektar på bestandsstorleik og –samansetting, samt menneskets påverking på landskapet og reinens arealbruk. Ein sit likevel att med nokre spørsmål her ut ifrå desse tema; bestandsforvaltning og hausting sin effekt på reinens arealbruk, og reinens arealbruk og langsiktige effektar for bestandsdynamikk.

Tentativ skisse til prosjekt organisering

Vidareføring og behovet hjå forvaltninga; tidlegare hadde ein ei styringsgruppe for prosjektet. No ser ein snarare for seg ei ressursgruppe som møtast ei gong i året og som fungerer som eit kontaktpunkt for felles problemstillingar mellom dei ulike delprosjekta. Villreinsenteret får ei koordinerande rolle, som sekretariat og skal føre ein fagplan i pennen.

Aktuelle tema/delprosjekt:

- Vidareføring av overvaking på Rv7
- Damrehabilitering og nye vassdragsreguleringskonsesjonar i Nordfjella
- Arealbruk i båd område –regional plan og handlingsprogramma
- Bestandsforvaltninga på Hardangervidda

Det trengs også ein arena der aktørane treffast (t.d. Rv7 –Regional plan –Finse).

Framlegg til organisering:

«Merkeprosjektet i Nordfjella og Hardangervidda»; felles arena og møteplass med moglegheiter for koordinering. Underliggande prosjekt med eigne arbeidsgrupper:

- Bestandsforvaltning og kondisjonsutvikling
- Rv7 (Miljødirektoratet, vegdirektoratet, SNO og NINA)
- Regionale planer og fokusområde (Finseområdet, kiting?)
- Damrehabilitering i Nordfjella

Felles for desse vil vera at ein del forskingsaktivitet som utnyttar desse data går parallelt (NFR-prosjekt).

Framover:

Ein vil i det nye prosjektet legge opp til ei sterkare oppfølging i felt. Ein vil også i større grad sjå merkeprosjektet og overvakingssystemet i samanheng. Vedr. samfunnsfaglege forhold vil ein her ha trong for kunnskap om: (SJÅ PRES)

- Erfaringar moglegheiter og avgrensingar med den eksperimentelle tilnærminga

Kort frå dei enkelte om behov og målsetning:

Rv7: Miljødirektoratet og Vegdirektoratet:

- Kartlegging av reinens bevegelser ift Rv7, jf pålegget frå Stortinget.
- Stengingsregimet som er gjeldande p.t. blir ståande fram til anna vedtak/tiltak er gjort og krev kontinuerleg overvaking.
- Vegdirektoratet har også eit generelt samfunnsansvar for å forvalte/drifte basert på kunnskap og ser difor også verdien av kunnskapsinnhentinga generelt.
- Miljødirektoratets generelle ansvar for forvaltninga av villrein i Noreg og å auke kunnskapen om arten.

Spørsmål frå salen: Kva med annan aktivitet som knyter seg til Rv7? Kiting, pulkløp osv? Skal det gjerast noko datainnsamling på dette parallelt? Bør vurderast når ein skal lage ein fagplan for dette delprosjektet og Miljødirektoratet bør vera sentrale i dette.

Dammane i Nordfjella:

Ny konsesjon i Gravidalen: Østfold Energi:

- Dersom det blir bygging er regulanten pålagt merking av 5 GPS-dyr.
- Her er ein kome ganske langt med ein fagplan som bare manglar nokon mindre justeringar før den er klar for å settast i drift.

Damrehabilitering på Flævatn: E-Co Energi:

- Som ny konsesjon i Gravdalen er E-Co også gitt pålegg om å bidra inn i merkeprosjektet i samband med dette arbeidet, samt øvrig damrehabilitering i området.
- Pålegget i samband med damrehabilitering på Flævatn er dette spesifikt å bidra økonomisk i to år, samt to år etter avslutta arbeid. Ser likevel for seg å kunne gå inn meir langsiktig og heilhetleg enn 4 år (som pålegget er).
- Rehabilitering av dammane i heile Nordfjella vil ein måtte rekne med at vil gå i 10-15 år fram.
- I tillegg vil vel også NVE ha nytte av denne kunnskapen som regulantane dermed vil vera med på å bidra til at blir samla inn.
- Treng ei mindre arbeidsgruppe som handterer dei ulike prosjekta lokalt.
- T.d. er det eit vedtak (vedtak eller praksis/ønske?) på at alle vegar bygd i samband med vasskraftanlegga skal vera opne, kanskje er dette også eit tema ei slik arbeidsgruppe skal kunne diskutere og gjerne i den overbyggande referansegruppa.

Regionale planer og fokusområde: Buskerud fylkeskommune:

- Handlingsprogramma er Fylkeskommunanes ansvar i fellesskap. I dette ligg også rullering av desse planane.
- Ser ikkje at dei regionale planane kan bidra direkte inn i dette prosjektet, men snarare vera brukarar av kunnskapen (kan i alle fall ikkje rekne med økonomiske bidrag frå FK?)
- Det einaste er dei ulike delprosjekta på villrein som er initiert gjennom planarbeidet og handlingsprogramma.
- Fokusområda skal fylgjast opp og ei samankopling av alle ressursane i ei ressursgruppe vil vera viktig for dette.

Bestandsforvaltning og kondisjonsutvikling: Hardangervidda Villreinutval:

- Villrein og ferdsel er eit heilt sentralt tema for bestandsforvaltinga. Her manglar ein data på den menneskelege aktiviteten. Skal dette inn som eit eige delprosjekt eller skal det handsamast vidare i arbeidsgruppa for dette delprosjektet evt. delprosjektet for regionale planar? Det siste synast mest praktisk, sjølv om her ikkje ligg midlar til ny datafangst på ferdsel og annan menneskeleg aktivitet.
- For bestandsforvaltinga sin del er det kanskje særleg områdebruken mellom Bergensbanen og Rv7 og den mismatch ein har der på forvaltingsgrenser og korleis særleg Nordfjelladyra brukar desse områda.
- Kondisjonsutviklinga er særleg sentral for Hardangervidda sin del. Her er det mange faktorar inne og mange ubesvara spørsmål. I tillegg trengs det her ein betra kommunikasjon mellom villreinutvalet og Miljødirektoratet.

Det er ein generell tanke at ein i dette nye prosjektet må ha fridomen til å avslutte og starte nye underprosjekt etter kvart som arbeidet går fram.

Framdrift, skisser til fagplan og budsjett

Ein må etablere grupper som arbeider fram fagplan og budsjett for kvart delprosjekt. Her ligg alt mykje klart for Rv7 og damprosjekta i Nordfjella. Her bør fagplan og andre styringsdokument vera

klare til 15. februar slik at ein kan starte opp derfrå. Her er også NINA klar for å gå i gang med merking alt ifrå 10. januar. Regulantane ynskjer å ha eit budsjett å forhalde seg til før arbeidet går i gang (der er sendt ut eit tentativt budsjett som må fungere inntil vidare). Prosjektdeltakarane må også rekne med remerking som fylgje av teknisk svikt og at dyr blir skote ut osv, slik at det talet merka dyr som er sett krav om er ikkje eit tal for eigongs merking, men det talet dyr som skal vera merka til ei kvar tid.

Når det gjeld dei to andre delprosjekta; regionale planar/fokusområda og bestandsforvaltinga/kondisjonsutviklinga manglar ein litt meir.

For regionale planar/fokusområda vil det vera bra om ein kan vera oppe og gå før 2017, når eit støre verdiskapingsprosjekt truleg vil koma og vera aktuelt å delta i.

For bestandsforvaltinga/kondisjonsutviklinga så må Villreinutvalet og Miljødirektoratet lage seg ein langsiktig plan for å betre kondisjonsutviklinga på reinen på Hardangervidda.

Då det er ei skeivfordeling i tilgang på ressursar å legge i eit slikt prosjekt, bør ein kanskje vurdere at midlane går inn i ein felle pott som fordelast ned til dei ulike delprosjekta derfrå?

Plan for merking:

Merkeplan for Nordfjella er 4 simler sør for Geiteryggen og 4-5 nord for Geiteryggen. På Hardangervidda vil det vera aktuelt å merke 10-12 simler komande vinter, for å vera oppe i ca 20 aktive sendarar.

Oppsummering:

- Må lage ferdig fagplanar, budsjett og rammedokument for deltakaranes forventingar så snart som råd.
- Dei to fyrste delprosjekta køyrast i gang frå og med 15. februar 2016. Ein køyrer møte for desse arbeidsgruppene i etterkant av dette.
- Ein tek ei løpande vurdering på når det er trong for å samle denne Ressursgruppa på nytt. I alle fall i løpet av hausten 2016, men også mogleg våren 2016 om naudsynt.

Skinnarbu 17.12.15

Lena Romtveit, Norsk Villreinsenter Sør.